



STOR: Slik ser bomba som søndag ettermiddag skulle detoneras ut. Den er truleg frå andre verdskrig. **FOTO:** AUD LISE ROSLAND



STENGT: I området heilt bak til venstre i bilde ligg bomba. Vegen forbi var sprærra søndag ettermiddag.

FOTO: INGVILD RØRTVEIT MYKLEBUST

når sprengninga skal skje, seier politiet.

Rosland ventar på at forsvarset skal sprengje bomba. Han har snakka med politiet som står i nærleiken om at dei skal i eit teikn når det nærmast seg.

- Vi ventar på at politien som står der nede å sperrar vegen skal ta på seg hjelmen, det er

teiknet på at smellet kjem, fortel han og peikar nedover vegen.

- Eg håpar jo at det vert eit bra smell, viss ikkje vert eg nesten litt skuffa, smiler han.

Ingvild Rørtveit Myklebust
ingvild@jbl.no

- Med ein slik festival freistar det å komme heim!



NØGDE: Sunniva Lovise Harboe, Ruth Einervoll Nilsen, Elin Sørby, Olav Skrudland og Vilde Nordanger synest Ranglerock byr på eit bra program i år.

FOTO: INGVILD RØRTVEIT MYKLEBUST



OD STEMNING: Fritz Oftedal kosar seg i partyteltet.

FOTO: INGVILD RØRTVEIT MYKLEBUST



FESTKLARE: Øyvind Tveit, Lars Heskje, Gisle Hopestad og Thomas Fredriksen gler seg til ei helg med farse, øl og god musikk.

FOTO: INGVILD RØRTVEIT MYKLEBUST

Ranglerock baud på variert musikk og god festivalstemning på Bryne i helga.

TREFFSTAD: Inne i lokala til Vaaland 1889 høyres muntre gitartonar frå høgtalarane og entusiastisk plystring og klappling frå salen. Ute i eit partytelt er det sett opp fine heimekoselege møblar der folk slår av ein prat med gamle og nye bekjende.

- Eg bur til vanleg i Oslo, men er heime på sommarferie. Det er veldig kjekt at vi har ein festival som Ranglerock her på Bryne om sommaren, det trur eg medverkar til at mange unge ser fram til å komma heim i sommarferien, seier Sunniva Lovise Harboe.

- Imponerande program

Ho og venene har funne seg eit bord inne i partyteltet blant eit myldrane folkeliv. Praten går lett medan dei nyt noko av det Ranglerockbaren har å by på. Dei ventar på at favorittane deira skal innta scena seinare på kvelden.

- Vi gler oss nok mest til Fjorden baby og Skambankt, er den unge gjengen einige om.

- Vi har også vore på Stein Torleif Bjella nettopp, det var veldig bra, legg Harboe til.

Ruth Einervoll Nilsen synest programmet for Ranglerock er bra.

- Til å vere ein ganske liten festival synest eg dei har eit imponerande program. Det er både nye artistar og meir kjede artistar. Ein god miks, seier ho.

Harboe er einig, men kunne tenke seg litt mindre rock.

- Det kunne kanskje vore litt meir kommersiell musikk også, meiner ho.

Eigen mat og drikke

Ranglerock serverte sitt eigenproduserte øl til festivaldeltakarane, noko som var svært populært. Allereie før festivalen var mykje av ølet utselt. Fredag kveld var det jamnt kø i baren og dei fleste hender i området bar eit glas med den gyllenbrune drikken.

- Det er veldig godt øl synest eg, seier Fritz Oftedal frå Oltedal, som legg til at han har stort interesse for øl.

- Driv du sjølv med ølbrygging, kanskje?

- Nei, men eg er god til å smoke på det, smiler han.

Ølet haustar også gode tilbakemeldingar rundt om på festivalområdet.

Nasjonalretten på Jæren, farse, er like sjølv sagt på Ranglerock

som ølet. - Det er ein slags kjøttdeig mellom to heideveggjar forklarar Thomas Fredriksen.

Farse får ein også kjøpt inne i partyteltet, og det er ikkje langt mellom personar som gomlar på den.

- Farse er ein del av Jæren sin kultur. Eg veit ikje kvifor det har blitt ein spesiell link mellom farse og Ranglerock, men slik er det i alle fall. Er ein på Ranglerock må ein berre ha seg farse, ler Fredriksen.

Noko ein merkar seg med Ranglerockfestivalen er at atmosfæren er avslappa. Musikken er passe høg for dei som er inne i konserthallen, medan dei som ønskjer å prata kan gjøre det ute i partyteltet utan å ha store problem å høre kva sidemannen seier.

Å treffe folk ein ikkje ser så ofte er noko av det beste med Ranglerock meiner Joar Søyland.

- Det beste med festivalen å treffe karar som eg har truffe før, til dømes på forrige Ranglerock. Det er mange gode vener her, seier han.

Ingvild Rørtveit Myklebust
ingvild@jbl.no